

Vestlandsrådet

Vestlandsrådet • Postboks 2500, 6404 Molde • Besøksadresse: Julsundvegen 9 • Telefon: 71 28 00 00
E-post: post@mrfylke.no • www.vestlandsraadet.no

Møte i Ålesund

2. september 2021

Strategiutvikling for framtidens næringsutvikling på Vestlandet

Innleiing:

Vestlandsrådets møte den 2. september 2021 blir - som det tidlegare er utsendt informasjon om - halde som fysisk møte i Ålesund, i samband med konferansefestivalen The North West, som pågår heile veke 35 og har «berekraft» som gjennomgåande tema.

Dette betyr at det i tilknytning til Vestlandsrådets møte er muleg å delta på deler av konferanseprogrammet til The North West. Nærare om dette avslutningsvis i dette programmet.

Vi må håpe at koronasituasjonen tilseier at samlinga/møtet kan haldast som forutsatt!

Vestlandsrådets offisielle program:

Onsdag 1. september:

Innreise når det passar den enkelte.

Kl. 19.00 – Middag; framtidens mat (Atlanterhavsparken)

Kl. 20.00 – Berekrafts-nach m/debatt «Vestlandet i framtida» (Pir)

Det blir ordna med skyss frå hotellet til dei enkelte arrangementa.

Dersom det er ønskjeleg å gjennomføre fylkesvise møter i forkant av Vestlandsrådets møte, kan desse haldast om kvelden 1/9, i samband med frukosten 2/9, eller til anna tidspunkt som måtte passe.

Torsdag 2. september:

Kl. 09.00 Opning

Møtestad: Bystyresalen i Ålesund Rådhus

Møteleiar: Tove-Lise Torve

Konstituering.

Navneopprop.

Godkjenning av innkalling.

Godkjenning av sakliste.

Ordførar Eva Vinje Aurdal ønskjer velkomen til Ålesund kommune.

Strategi for framtidsetta næringsutvikling på Vestlandet

09.30 - 10.30

Gjennomgang av hovudtrekk i Vestlandsrådets eige prosjekt:

«Næringsstrategi for Vestlandet»

- Styringsgruppas leiar Per Vidar Kjølmoen, Møre og Romsdal fylkeskommune
- Prosjektleiar Ingvill Flo, PwC

Spørsmål og kommentarar.

10.30 -11.05

Samarbeid og stimulans – nøkkelen til suksess for Vestlandet?

Korleis nyttar Innovasjon Norge sine viktigaste verkemidlar for å stimulere næringslivet på Vestlandet til omstilling og utvikling?

Korleis kan Innovasjon Norge, Vestlandsrådet, dei tre fylkeskommunane og næringslivsorganisasjonane samarbeide for å utvikle og omstille næringslivet på Vestlandet? Kva organisatoriske grep må tas for å få til eit forpliktande samarbeid?

- Innovasjon Norge, v/seniorrådgiver Andreas Wenaas Østigård.

Spørsmål og kommentarar.

Pause 10 min.

11.15 – 12.00

Haukeblikk på «Næringsstrategien for Vestlandet»

Korleis treff Vestlandsrådet utfordringane med den framlagde næringsstrategien?

Kva må til for at Vestlandsrådet og dei tre fylkeskommunane skal lukkast med sitt initiativ?

«Stykkevis og delt», eller må næringsstrategien settast inn i ei større distriktspolitisk heilheitsramme for at Vestlandet som region skal lukkast med næringsutviklinga og det blå/grøne skiftet?

Er det synspunkt og tiltak i «Vestlandsmeldingen 2021» som vil vere serleg viktige i det vidare arbeidet?

- Professor emeritus Victor Norman, NHH

Spørsmål og kommentarar.

Kl. 12.00 Lunsj

Kl. 12.45 Møte med behandling av saker

VR-sak 14/2021	Protokoll frå møte 19. mai 2021
VR-sak 15/2021	Næringsstrategi for Vestlandet
VR-sak 16/2021	Vestlandsmeldingen 2021
VR-sak 17/2021	Interreg/Nordsjøprogrammet
VR-sak 18/2021	Møteplanar for 2022
VR-sak 19/2021	Eventuelt

Kl. 15.00 Avslutning av møtet

Praktiske opplysningar

Innreise til Ålesund: 31. august eller 1. september 2021.

Den enkelte deltakar (eller den enkelte fylkeskommune) bestiller sjølv reise til/frå Ålesund. Utgiftene til reise og hotellopphald dekkes av den enkelte fylkeskommune.

Hotell:

Det er bestilt og reservert rom til alle 27 nedanfor på: Quality Hotel Waterfront, Nedre Strandgate 25-27, 6004 Ålesund, frå 1.-2. september.

Telefon 70 11 19 00, q.waterfront@choice.no

NB! Det er også nokre ledige rom frå 31/8, dersom det er ønskjeleg for nokon å kome da. For dei som er merka med * er det allereie bestilt rom frå 31/8. (Det gjeld AU, fylkesrådmennene/fylkeskommunedirektør og sekretariatet).

Dersom nokon av dei det er bestilt rom for frå 31/8 ikkje kjem, eller ikkje kjem før 1/9, må vi få beskjed om dette.

Vestlandsrådets 18 medlemmar:

Fylkeskommune	Faste medlemer
Vestland	Jon Askeland*
Vestland	Natalia Antonia Golis
Vestland	Arve Helle (vara)
Vestland	Tor Andrè Ljosland (vara)
Vestland	Silja Ekeland Bjørkly
Rogaland	Marianne Chesak*
Rogaland	Solveig Ege Tengesdal
Rogaland	Arne Bergsvåg
Rogaland	Alexander Rugert-Raustein
Rogaland	Pål Morten Borgli (vara)
Rogaland	Margarete Dysjaland
Møre og Romsdal	Tove-Lise Torve*
Møre og Romsdal	Per Vidar Kjølmoen
Møre og Romsdal	Randi Walderhaug Frisvoll
Møre og Romsdal	Frank Sve
Møre og Romsdal	Anders Riise
Møre og Romsdal	Jan Ove Tryggestad

Administrasjonen i fylkeskommunane:

19 Ottar Brage Guttelvik*
20 Rune Haugsdal*
21 Inge Smith Dokken*

Sekretariatet i Vestlandsrådet:

22 Dagfinn Aasen*
23 Christian Tollefsen Aasen*

Inviterte gjestar, innleiarar, m.v.

24 Ingvill Flo
25 Ordfører i Stavanger Kari Nessa Nordtun
26 Ordfører i Bergen Marta Mjøs Persen
27 Byrådsleiar i Bergen Roger Valhammer

Det er i alt reservert 30 rom, slik at det også kan vere plass for andre deltakarar frå fylkeskommunane.

Forfall

Dersom nokon ikkje har høve til å delta på Vestlandsrådets samling/møte må forfall meldast **seinast tysdag 24. august 2021**. Dette er viktig for å kunne kalle inn varamedlemmar, og det er viktig for hotellreservasjonar.

Forfall skal meldast til

Kari Lilleng
Møre og Romsdal fylkeskommune
kari.lilleng@mrfylke.no

mobil: 992 56 891

Eventuelle spørsmål kan rettast til sekretariatet:

Dagfinn Aasen
mobil 4500 6266
aasenraad@outlook.com

Festivalen The North West

The North West is the arena for sustainable regional development. We will build relations, increase knowledge, share experiences and challenge existing truths

The North West er ein nasjonal møteplass for smart og berekraftig utvikling av regionar, som involverer både næringslivet, akademia, kulturen og offentlig sektor. The North West er eigd av Møre og Romsdal fylkeskommune, Ålesund kommune og fleire andre kommunar på Sunnmøre.

Festivalen The North West pågår heile veke 35. Deltakarar på Vestlandsrådets møte kan delta på hovedkonferansen 1. september.

Informasjon om programmet finn ein ved å google The North West, jfr også nedanfor.

Der finn ein også lenke til påmelding.

CEO/dagleg leiar for festivalen The North West Gjermund Kvernmo Langset påpeikar at programmet den 1. september er svært relevant for Vestlandet.

International SDG* conference

*SDG = Sustainable Development Goals (= Bærekraftsmål)

International thinkers, politicians and business leaders will debate and share experiences to find solutions for a sustainable future. And best of all, you are invited to join us in Ålesund!

The international SDG conference will take place in Ålesund on the 01th of September 2021. The event is arranged in close cooperation with United Cities and United Future Lab Norway.

The event includes keynotes, panel discussions, art&culture and networking!

See all the fantastic speakers further down.

Decision makers from national authorities, businesses, professors, entrepreneurs, organisations and international thinkers will join us to share and discuss how we create regions for the future.

And best of all; YOU are invited to listen, discuss and network.

Program

0900 - Doors open

1000 - Grand opening

Fargespill and Brazz Brothers

1015 - Opening speech

Gjermund Kvernmo Langset (CEO The North West) and Eva Vinje Aurdal (Mayor Ålesund municipality)

1025 - United Cities - 10 000 cities net zero by 2030, how do we do it?

Kari Aina Eik (Head of OiER / United Cities), Joel Mills (CEO Augment City), Mathis Grimstad (CEO Stor-Oslo Eiendom), Stine Lise Hattestad (Partner KPMG), Kristian Mjøen (Head of Centre for Sustainable Development in Trondheim), Amber Nystrom (Board director SDG Impact fund)

1200 - Decade of the ocean

Sissel Rogne (Managing Director, Institute for marine research), Ali Tabrizi (Director Seaspiracy), Kim Gabrielli (Executive director, UN Global Compact Norge), Tore Roaldsnes (CEO Bluewild), Lena Nymark (Artist), Ole Rasmus Øvretveit (CEO Initiativ Vest), Marte Ellingsen Tyldum (Director of Sustainability, Kongsberg Maritime)

1315 - Lunch

1400 - The future of energy

Silje Skjelsvik (Founder Om i morgen), Erik Espeset (CEO TAFJORD), Johan Einar Hustad (Director NTNU Energy), Janne Wallenius (CEO LeadCold Reactors)

1515 - A glimpse of utopia

Hongqi Guo (Founding Partner Yitong Design), Bent Erik Myrvoll (Artist), Nikolaj Sveistrup (Associated partner CIFS), Marielle Furnes Mannseth (CEO United Future Lab Norway), Hermann Siggerud (Vice President The National Union of Students in Norway)

1630 - TBA

1730 - End

VR-sak 14-2021 Protokoll frå møte 19. mai 2021

Vedlagt følger protokoll frå Vestlandsrådets møte 19. mai 2021.

Fylkeskommunedirektøren legg saka fram med følgande forslag til vedtak:

Protokollen frå Vestlandsrådets møte 19. mai 2021 blir godkjent.

Ottar Brage Guttelvik
Fylkeskommunedirektør

Protokoll frå møte i Vestlandsrådet 19. mai 2021

Møtet vart halde som teamsmøte.

09.00 Opning

v/fylkesordførar og leiar i Vestlandsrådet Tove-Lise Torve

Registrering av faste medlemmar og innkalla varamedlemmar av Vestlandsrådet:

Møre og Romsdal		
Tove-Lise Torve (Ap)		
Per Vidar Kjølmoen (Ap)		
Randi Walderhaug Frisvoll (Krf)		
Frank Sve (Frp)		
Anders Riise – (H) Forfall	Monica Molvær (H) møtte som vara.	
Jan Ove Tryggestad (Sp)		
Vestland		
Jon Askeland (Sp)		
Natalia Antonia Golis (MDG)		
Anne Gine Hestetun (Ap)		
Trude Brosvik (Krf)	Møtte frå kl. 09.00 – 12.00. Marthe Hammer (SV, vara) møtte frå kl. 12.15	

Silja Ekeland Bjørkly (H)		
Terje Søviknes (Frp)		
Rogaland		
Marianne Chesak (Ap)	Fråverande mellom kl. 10.00 og 11.50. Vara: Unni Fuglestad møtte.	
Arne Bergsvåg (Sp)		
Solveig Ege Tengesdal (Krf)		
Ole Ueland (H)		
Margrete Dysjaland (Frp)		
Alexander Rugert-Raustein, MDG		

Andre møtande:

Kari Nessa Nordtun	Ordfører i Stavanger kommune (deltok i deler av møtet)
Eva Vinje Aurdal	Ordfører i Ålesund kommune
Inge Smith Dokken	Fylkesrådmann i Rogaland
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann i Vestland
Ottar Brage Guttelvik	Fylkeskommunedirektør i Møre og Romsdal
Janne Lønsethagen	Samferdselsavdelinga, Møre og Romsdal fylkeskommune
Thorbjørn Aarethun	Vestland fylkeskommune, fylkeskontakt
Dagfinn Aasen	Sekretariatet
Christian Tollefsen Aasen	Sekretariatet

Godkjenning av innkalling

Vestlandsrådets vedtak:

Innkallinga samrøystes godkjend.

Godkjenning av saksliste

Vestlandsrådets vedtak:

Sakslista samrøystes godkjend.

Leiar ønska eksterne deltakarar/innleiarar velkomen til møtet:

Ann Kristin Westberg	Avdelingsdirektør og forhandlingsleiar i NFD
Ingvill Flo	Prosjektleiar for Næringsstrategien, PwC
Sigurd Klyve Grytten	Partner i Zynk
Frode Nergaard Fjeldstad	Agenda Vestlandet

A Møtets faglege del:

«Framtidig utvikling av Vestlandsregionen»

Følgande innlegg vart presentert for rådet, med etterfølgande spørsmålsrunde og kommentarar:

1. Etter Brexit – Forhandlings situasjonen generelt og fiskeriforhandlingene spesielt

Orientering v/Ann Kristin Westberg, avdelingsdirektør og forhandlingsleder i Nærings- og fiskeridepartementet (NFD).

Følgande deltok i ordsiftet:

- Solveig Ege Tengesdal
- Trude Brosvik
- Jan Ove Tryggestad
- Tove-Lise Torve
- Alexander Rugert-Raustein
- Terje Søviknes

2. Næringsstrategi for Vestlandet

Innleiingar:

Styringsgruppas leiar Per Vidar Kjølmoen
Prosjektleder frå PwC Ingvill Flo

Følgande deltok i ordsiftet:

- Tove-Lise Torve
- Frank Sve
- Anne Gine Hestetun
- Natalia Golis
- Jan Ove Tryggestad
- Randi Walderhaug Frisvoll
- Trude Brosvik
- Solveig Ege Tengedal

3. Vestlandsmeldingen 2021

Innleiing/presentasjon av meldingen v/Partner i Zynk, Sigurd Klyve Grytten og Frode Nergaard Fjeldstad, Agenda Vestlandet.

Følgande deltok i ordsiftet:

- Anne Gine Hestetun
- Solveig Ege Tengedal
- Jon Askeland
- Natalia Golis
- Silja Ekeland Bjørkly
- Terje Sjøviknes
- Randi Walderhaug Frisvoll

Pause: kl. 12.20 – 12. 35

B Saker til behandling:

VR-sak 09/2021 Protokoll frå møtet i Vestlandsrådet 25. februar 2021

Fylkeskommunedirektøren legg fram saka med følgjande forslag til vedtak:

«Vestlandsrådet godtek protokollen frå møtet 25.02.21»

Vestlandsrådets vedtak:

Protokollen frå møte 25.02.202 samrøystes godkjent.

Fylkeskommunedirektøren legg fram saka med følgjande forslag til vedtak:

1. Vestlandsrådet legg til grunn at det blir ei fordeling av prosjekt og midlar til alle regionar, og at fylka i Vestlandsrådet får prosjekt og midlar som speglar fylka si verdiskaping. Fastlandseksport må vere eit prioriteringskriterium i NTP.
2. Vestlandsrådet er positive til satsinga på ferjefri E 39 i NTP 2022-2033, og ber om at dette må bli følgd opp i prioriteringane framover.
3. Tilskotsordninga for fylkesvegar må ikkje vere søknadsbasert. Ordninga må fordelast til fylka etter ein føreseieleg nøkkel, og eit eventuelt krav om eigenfinansiering må bli sett som innfridd ved bruk av fylkeskommunale midlar som allereie er avsett til vegvedlikehald.
4. NTP bør etablere ein nasjonal plan for skredsikring av riks- og fylkesvegnettet innanfor høg og middels risikofaktor. Plana bør ha finansiering og gjennomføring i løpet av ei tidsramme på 12 år.
5. NTP bør innehalde fleire statlege program for auka rammer til fylkeskommunane for:
 - a. overgang til nullutsleppsteknologi i kollektivtransporten (inkludert ferje og hurtigbåt)
 - b. generelle auka løyvingar til ferjedrifta
 - c. kollektivsatsing gjennom å kunne velje fleksible og miljøvenlege løysingar også i distrikta
 - d. overgang til lågutsleppsløysingar i bussdrift
6. NTP må innehalde finansiering for teknologiskifte for luftfart på FOT-rutene. Kva ruter som vil inngå i FOT-ordninga frå 1. april 2024 bør bli avklart så snart som mogleg.
7. Teknologi og innovasjon i transportsektoren må få ein større plass i NTP, og fylkeskommunane må vere ein del av ordningane. Dette gjeld teknologiutvikling til sjøs og generelt, med nødvendige stimuleringsmidlar og betydning for næringsutvikling og kompetansebygging.
8. Fylkeskommunen må delta i porteføljestyling av relevante tiltaksområde.
9. Tilskotsordninga for regionbyane må vere eit langsiktig reiskap for klima- og miljøvennleg byutvikling i regionbyane gjennom heile planperioden, og ikkje bli avgrensa til eit fireårig tiltak.

I løpet av planperioden bør det bli vurdert om ramma bør aukast, og om midlar til drift av kollektiv bør bli innarbeidd i ordninga, for å bidra til at nullvekstmålet blir nådd.
10. Stad skipstunnel må bli følgd opp vidare i årlege budsjettløyvingar. Støtte- og incentivordningar for overføring av gods frå veg til sjø og bane må bli vidareført og styrka.

Vestlandsrådets behandling:

Følgande deltok i ordsiftet:

- Marte Hammer
- Natalia Golis
- Solveig Ege Tengesdal
- Silja Ekeland Bjørkly
- Frank Sve
- Alexander Rugert-Raustein

Alexander Rugert-Raustein sette fram følgande protokolltilførsel:

Natalia Antonia Golis (MDG) og Alexander Rugert-Raustein (MDG) er imot ferjefri E39. Men sidan Vestlandsrådet er eit konsensusorgan og ein i rådet representerer fleirtaksvedtak i fylket, så stemmer Natalia Antonia Gulis og Alexander Rugert-Rausten for heile uttalen, sjølv om dei er imot punkt 2 som omhandlar ferjefri E39.

Marthe Hammer (SV) og Frank Sve (Frp) la inn krav om eigen votering over pkt. 2.

Avstemming:

Punkt 1-3-4-5-6-7-8-9-10: Samrøystes vedteke.

Punkt 2: Vedteke mot 2 stemmer, Marthe Hammer (SV) og Frank Sve (Frp).

Vestlandsrådets vedtak:

Forslaget til vedtak samrøystes vedteke, med unntak av punkt 2, som vart vedteke mot 2 stemmer.

VR-sak 11/2021 Rapport om NORA 2020 og Handlingsplan 2021

Fylkeskommunedirektøren legg saka fram med følgande forslag til vedtak:

«Vestlandsrådet tek saka om NORA – rapport for 2020 og handlingsplan for 2021 – til orientering».

Vestlandsrådets behandling:

Merknad/forslag frå Solveig Ege Tengesdal:

NORA inviteres til eit møte med Vestlandsrådet for å orientere nærare om NORA's arbeid, og korleis dette blir opplevd i andre medlemsland, t.d. Island.

Vestlandsrådets vedtak:

Forslaget til vedtak samrøystes vedteke..

VR-sak 12/2021 Referatsaker

1) Referat frå møte i AU 16. mars 2021

- 2) Referat frå møte i AU 4.mai 2021
- 3) GIEK/Eksportkreditt
- 4) TEN-T
- 5) Notat frå møtet med samferdselsministeren
- 6) Notat frå møtet med leiaren i Transport- og kommunikasjonskomiteen
- 7) AU hadde i tillegg til møta 16/3 og 4/5 eit «fjernmøte» 23. april for å godkjenne uttalen om TEN-T (AU-sak 12/2021)

Fylkeskommunedirektøren legg saka fra med følgande forslag til vedtak:

«Vestlandsrådet tek saka til orientering».

Vestlandsrådets vedtak:

Forslaget til vedtak samrøystes vedteke.

VR-sak 13/2021 Eventuelt

Oppfølging av næringsstrategien for Vestlandet:

Vestlandsrådets behandling:

Rapporten frå prosessen med Næringsstrategi for Vestlandet blir ferdig medio juni 2021. Vestlandsrådet ber styringsgruppa førebu ein presentasjon der rapporten blir lansert offentleg i løpet av juni månad. Vestlandsrådet skal inviterast til presentasjonen.

Vestlandsrådet ber om å få formell sak til behandling i Vestlandsrådet sitt møte 2. september 2021. Om mogleg blir dette møtet eit fysisk møte.

Fylkesordførarane blir bede om å koordinere informasjon om næringsstrategien til dei respektive fylkestinga, slik at rapporten og resultatata frå prosessen blir forankra på høgste politiske nivå i fylka.

Møtet slutt kl. 13.15.

Ref. v/sekretariatet

- Dagfinn Aasen
- Christian Tollefsen Aasen

Saksbehandlarar:

Dagfinn Aasen

Christian T. Aasen

VR-sak 15-2021 Næringsstrategi for Vestlandet

1 Innleiing:

Vestlandsrådet ba i sak 10. september 2020 om utarbeiding av ein næringsstrategi, og vedtok mandat, budsjettamme, styringsgruppe og arbeidsgruppe 11. november 2020. Strategiarbeidet vart avslutta med presentasjon av utkast 29. juni 2021.

Næringsstrategien hadde som utgangspunkt at den skulle bygge på analyser, planar og strategiar som vert utarbeidd i fylka. Det fremste bruksområdet skal vere som verktøy i arbeidet med å betre rammevilkåra for næringsutvikling på Vestlandet, særleg med tanke på den store omstillinga vi er inne i.

Den oppnemnde styringsgruppa for arbeidet har vore sett saman av sentrale næringslivsrepresentantar og akademia frå heile Vestlandet, i tillegg til representantar frå Vestlandsrådet. Styringsgruppa har vore aktive i prosessen og uttrykkjer tydelege forventningar til oppfølging av strategien.

Næringsstrategien byggjer opp under Vestlandsrådets politiske plattform, og for folkevalde i Vestlandsrådet vil strategien vere eit verktøy for å forstå og framheve behov i næringslivet, og samtidig vere eit reiskap for å fremme Vestlandet sine behov overfor sentrale styresmakter og relevante internasjonale miljø. (Rapporten side 4).

Samstundes blir det framheva at Vestlandsrådet er eit politisk organ med små administrative ressursar, og som er avhengig av ei lang rekkje aktørar for å kunne realisere strategien. Eit mål er også difor at strategien må bli tatt i bruk av sentrale samarbeidspartar for Vestlandsrådet, innafor næringsliv, kommunar, fylkeskommunar, akademia, næringsklynger, m.v.

Enkelte deler av rapporten blir i korte trekk kommentert i det følgande.

Jan Heggheim har gitt viktige innspel til framstilling og forslag til vedtak.

Rapporten «Næringsstrategi for Vestlandet – Et samlet Vestland for grønn og fremtidsrettet næringsutvikling» er datert 29.6.21 og er lagt ut på Vestlandsrådets nettsider www.vestlandsraadet.no.

2 Rapporten: «Næringsstrategi for Vestlandet – et samlet Vestland for grønn og fremtidsrettet næringsutvikling», datert 29.6.21

Inndelinga i rapporten er følgande:

- 1 **Bakgrunn**
 - Målgruppe
 - Formål
- 2 **Hvor er vi i dag?**
 - Introduksjon
 - Kva samler oss?
 - Trusler og barrierer for vidare utvikling
 - Styrker, svakheter, muligheter og trusler
- 3 **Næringsstrategi for Vestlandet** (rapporten side 21)
 - Komparative fortrinn
 - Forutsetninger for å lykkes
 - Ambisjoner & hovedstrategier
- 4 **Anbefalinger til vidare arbeid**
 - Gjennomføring av strategi
 - Rammebetingelser for næringsutvikling
- 5 **Vedlegg**
 - Deltakere og involvering
 - Oversikt kunnskapsgrunnlag
 - Utdyping/detaljer

Det er enkelte sider ved kapittel 3 og 4 som særleg blir berørt i denne saka.

Om kapittel 03 Næringsstrategi for Vestlandet (rapporten side 21 - 37).

Den overordna ambisjonen i «Strategi Vestlandet» er uttrykt slik (side 25):

«Bidra til en bærekraftig utvikling i næringslivet på Vestlandet»

Dette gjennom

- 1 å styrke «grunnmuren» for næringsutvikling:
 - styrke grunnleggende , næringsfremmene strukturer og tiltak som næringslivet på Vestlandet har til felles
 - styrke kultur og samhandling, slik at hele Vestlandet drar saman for å løse felles utfordringer og realisere felles muligheter
- 2 å skape vekst på komparative fortrinn
 - bidra til realisering av havrelaterte fremtidsnæringer
 - bidra til å utnytte andre store komparative fortrinn i næringslivet
 - bidra til å skape utvikling på tvers av bedrifter og næringer (å legge til rette for å skape nye næringsmuligheter og grøn omstilling gjennom nye verdikjeder og industrielle samspill)

Slike komparative fortrinn har ein serleg innan næringar knytt til havregionen Vestlandet, og til fjord, fjell og landskap:

- Havbruk og fiskeri
- Biomarine produkt
- Olje og gass
- Mineraler

- Djupvassteknologi
- Sjøtransport
- Skipsdesign og skipsbygging
- Matproduksjon
- Maritime teknologiar
- Fornybar energi
- Reiseliv og -opplevingar
- Tradisjonell og ny kraftkrevande industri
- Landbruk og mattradisjon

Det er med andre ord eit breitt spekter av næringar å ta tak i når strategien skal vidareførast i praktisk arbeid. Men det er eit stort utfordringsbilde å ta omsyn til, ihht. rapporten gjeld det serleg følgande:

- Tilgang på relevant kompetanse
- Samarbeid og samhandling
- Infrastruktur på ulike samfunnsområder
- Rammebetingelsar og offentlege verkemiddel som fremmar næringsutvikling
- Kapital og finansiering

Det blir viktig for Vestlandsrådet å arbeide for å styrke kultur og samhandling. I rapporten blir det framheva at ein må arbeide for

- Eit felles målbilde og tydeleggjering av felles ressursar
- Ei sterk felles stemme for fylka på Vestlandet
- Ei organisering som samlar og fremmar synspunkt på vegne av næringslivet på Vestlandet
- Skape og fremme arenaer for samhandling og samarbeid

Rapporten går grundig inn på viktig utfordringar for den framtidige næringslivsutviklinga på Vestlandet, korleis omstillingar kan og bør skje i ei tid der berekraft, grøn og blå omstilling blir krevande for alle.

Mange sider ved det rapporten tek opp er i godt samsvar med Vestlandsrådets politiske plattform, m.a.:

«Vestlandet er eit av Europas mest ressursrike områder og Norges skattkammer. Både gjennom olje- og gassutvinninga og øvrig eksportretta næringsverksemd bidreg Vestlandet til betydelege inntekter til nasjonaløkonomien. Landsdelen har store muligheter for vidare utvikling og innovasjon, men også utfordringar med omstilling og etablering av nye næringar når aktiviteten i olje- og gassverksemda gradvis vert lågare.

Vestlandsrådet vil innrette sitt arbeid innanfor verdiskaping og sysselsetting mot;

- Det blå skiftet - utvikling og innovasjon innanfor marin og maritim næring
- Det grønne skiftet – innovasjon og teknologiutvikling i næringslivet, inkludert utvikling av nye energikjelder som hydrogen og havvind
- Reiselivsskiftet – turisme og opplevingar med minst mogleg miljø- og klimaavtrykk»

Mandatet og den utarbeidde strategien, framhevar som eit viktig mål at Vestlandet må framstå samla som ein sentral premisleverandør når det gjeld rammebetingelsar for den utviklinga og omstillinga som er nødvendig for Vestlandet. Som strategien viser er Vestlandet eksportmotoren for Norge og har klare fortrinn for utvikling av framtidens store, grønne framtidsnæringar. Men dette krev både

nasjonale rammebetingelsar og dynamiske næringsmessige koplingar. Strategien peikar på at for å lykkast i denne store omstillinga er det viktig å utvikle ei felles stemme på tvers av geografi, bransjar, næringsliv og politikk på Vestlandet.

Om kapittel 04 Anbefalinger til vidare arbeid (rapporten side 37)

Oppfølging av strategien kan bli krevande for Vestlandsrådet. Gjennom å ta initiativ til utarbeiding av denne felles næringsstrategien, og gjennom det løpande utgreingsarbeidet i 1. halvår 2021, er det skapt forventningar til tydeleg oppfølging. Vestlandsrådet må difor ta stilling til kor offensivt rådet sjølv vil vere i oppfølginga av strategien.

Slik organiseringa er i dag, er det vanskeleg å sjå for seg at oppfølgingsarbeidet kan bli effektivt nok. Vestlandsrådet er eit drøftingsorgan, 4-5 møter i året, med konsensus som bærebjelke i den politiske plattformen. Arbeidsutvalet har 6-8 møter i året, og kan lettare ta tak i løpande saker, samarbeid med lokalt næringsliv og lokale næringsorganisasjonar, kontakten med sentrale styresmakter, etc.

I og med at Vestlandsrådet får ein tydelegare strategisk og operativ rolle gjennom næringsstrategiarbeidet, bør det vurderast å sjå nærare på heile organiseringa og det formelle grunnlaget for rådet, jfr. Kommunelovas bestemmelsar.

Sekretariatet er i dag engasjert for eitt år i gongen på ca. 50% stillingsressurs. Det er difor relativt liten kapasitet og kontinuitet i sekretariatsarbeidet.

I og med at Vestlandsrådet pr. i dag ikkje kan seiast å ha ei organisering og tilstrekkelege ressursar til sjølv å følgje opp denne strategien, kan det vere nærliggande at det vesentlege av oppfølginga må skje i regi av fylka sin ordinære innsats. Eventuelle satsingar frå Vestlandsrådet si side må i så fall prosjektfinansierast av fylkeskommunane.

Men dersom oppfølgingsarbeidet i stor grad skal følgjast opp av ulike fylkeskommunale ressursar og prioriteringar, kan målet om «ei felles stemme» lett bli utvatna, og medføre at eit av hovedmåla med næringsstrategien blir svekka.

I rapporten (nest siste side) blir det tilrådd følgjande:

- At det blir etablert **eit næringspolitisk forum**, som reflekterer næringsstrategien, og inkluderer næringar som er serleg viktige for satsingsområda
 - Deltakarane i eit slikt næringspolitisk forum bør representere klynger og næringsmiljø knytta til havnæringane, reiseliv, bank/finans og energi
 - Dessutan at forumet har medlemmar frå Vestlandsrådet, samt beslutningstakarar frå partnerskapsmodellane som eksisterer i dei tre fylkeskommunane
- Vidare blir det tilrådd at **sekretariatsfunksjonen** i Vestlandsrådet bør styrkast.
 - (Dagens sekretariatsfunksjonar består i å legge til rette for Vestlandsrådets og Arbeidsutvalets møter, ta initiativ til og utgreie saker, ofte i samarbeid med fylkeskommunen, ta kontakt med og legge til rette for møter med sentrale styresmakter, osb.)
 - I næringsstrategien blir det antyda at eit næringspolitisk forum kan ha sitt eige sekretariat med basis i næringsavdelingane i fylkeskommunane, alternativt eit sekretariat som går på omgang (kvart 4. år), eller som no innleie frå konsulentmiljø.
- Det blir vidare tilrådd at det blir etablert ei **arbeidsgruppe**

- o «som sikrer oppfølging av saker og tiltak mellom hvert møte i næringsforumet, eventuelt frå med deltakere i forumet fra sak til sak. Arbeidet i arbeidsgruppen kan koordineres av sekretariatet. Eksempelvis kan arbeidsgruppen bestå av en fast representant fra næringsavdelingen i hvert av de tre fylkene, med større deltakelse i forbindelse med spesielt omfattende saker og tiltak».

Ein måte å få fram ei felles stemme på kan vere å etablere eit “Næringspolitisk forum”, som kan vere samansett av AU Vestlandsrådet og viktige talerør for næringslivet på tvers av bransjar, t.d. leiar for NHO, LO og Innovasjon Norge i dei tre fylka. Dette forumet kan sjølvstøtt opprette arbeidsgrupper med andre næringsaktørar o.a. knytt til aktuelle saker.

Styringsgruppa som har utarbeidd strategien, har vore breidt og strategisk samansett. Dei har eigarskap til strategien og er opptekne av at den blir følgd opp. Dei har også nettverk som kan vere viktige framover. Dette kan vere ein grunn til å ha dei med også i arbeidet framover, t.d. som ei ressursgruppe/referansegruppe, der personar frå denne gruppa kan vere naturleg å ha med i evt arbeidsgrupper som “Næringspolitisk forum” måtte ha behov for knytt til aktuelle saker.

Næringsjefane i dei tre fylka har allereide eit etablert samarbeid, og det er naturleg at dei utgjør den administrative gruppa for oppfølging av strategien og “Næringspolitisk forum”. Dei vil naturleg kunne avklare kva som blir følgd opp i den enkelte fylkeskommune, og samtidig kunne initiere og koordinere tiltak/saker som krev felles aksjon.

Det vil vere behov for ein sekretariatsressurs til dette arbeidet. Denne kan leggast til eitt fylke, men ei slik løysing kan også gjere det vanskeleg å ha heilskapsfokus. Eit alternativ er å kjøpe inn sekretariatsressurs frå eit konsulentmiljø i oppstarten. Det vil nok uansett vere behov for noko ekstra ressursar for å ivareta sekretariatsfunksjonen.

Korleis sekretariatsfunksjonane i Vestlandsrådets regi skal organiserast i framtida blir viktig for den praktiske oppfølginga av næringsstrategien. Å ha ein sekretariatsfunksjon for sjølve Vestlandsrådet og Arbeidsutvalet, og ein annan sekretariatsfunksjon for eit eventuelt nyoppretta næringspolitisk forum, kan vere utfordrande. Dersom noverande sekretariatsordning skal halde fram kan også den serve eit næringspolitisk forum, men da må tidsressursen utvidast, og sekretariatet bør bli fast i t.d. heile valperioden slik at kontinuitet og kompetanse kan byggast opp og haldast ved like.

Fylkeskommunedirektøren legg saka fram for Arbeidsutvalet (AU) med følgande forslag til vedtak:

1. Vestlandsrådet har følgande merknader og forslag knytta til «Næringsstrategi for Vestlandet»:
-
2. Vestlandsrådet vedtek «Næringsstrategi for Vestlandet» - med overnevnte merknader og forslag - og ynskjer å nytte denne som grunnlag for arbeidet med den store omstillinga, som Vestlandet vil stå overfor dei komande åra.
3. Vestlandsrådet ber administrasjonen i kvart fylke om å innarbeide relevante tiltak i sine eigne handlingsplanar og strategiar, og samstundes gjere det tydeleg at dette er utfordringar for heile Vestlandet.
4. Vestlandsrådet vedtek å etablere eit “Næringspolitisk forum for Vestlandet” for aktivt å følgje opp dei delane av strategien som krev felles innsats på tvers av fylka, og utvikle ei felles stemme inn mot sentrale styresmakter på område som ein står samla om.

5. Vestlandsrådet ber fylkeskommunedirektøren om å utarbeide ei sak til Vestlandsrådets møte 25. november 2021 med framlegg til mandat og medlemmar til eit " Næringspolitisk forum for Vestlandet". Det er naturleg at saka også synleggjer administrativ organisering/ressursbehov.

AU slutta seg til forslaget til vedtak i møte 18. august 2021, og legg fram følgande innstilling til Vestlandsrådet:

- 1 Vestlandsrådet har følgande merknader og forslag knytta til «Næringsstrategi for Vestlandet»:
-
- 2 Vestlandsrådet vedtek «Næringsstrategi for Vestlandet» - med overnevnte merknader og forslag - og ynskjer å nytte denne som grunnlag for arbeidet med den store omstillinga, som Vestlandet vil stå overfor dei komande åra.
- 3 Vestlandsrådet ber administrasjonen i kvart fylke om å innarbeide relevante tiltak i sine eigne handlingsplanar og strategiar, og samstundes gjere det tydeleg at dette er utfordringar for heile Vestlandet.
- 4 Vestlandsrådet vedtek å etablere eit "Næringspolitisk forum for Vestlandet" for aktivt å følgje opp dei delane av strategien som krev felles innsats på tvers av fylka, og utvikle ei felles stemme inn mot sentrale styresmakter på område som ein står samla om.
